

Soga om Skuldalsbruri

*Å Signe Skuldalen var ei som blenkte,
På henne gutane jamleg tenkte.
Ho gjævast' gjenta i bygdi var,
For ho skull arve ein gasta gard.*

(Sudgarden 1970: 33)

Segni om Skuldalsbruri skriv seg frå Åmotsdal og dei austre øygardane. Her var det ei grend i enden av Lepjusdal der ein av gardane heitte Skuldalen. På Skuldalen budde det ei jente, ei einberingsjente, som heitte Signe. Gutane i området var interesserte i Signe, og mellom dei var ein husmannsgut frå ein plass i nærleiken som heitte Eivind Grøvi. Han var både musikalsk, spræk og sterk, og Signe hadde mest hjarte for honom.

Faren godtok ikkje at dottera ville gifte seg med ein husmannsgut, og tvinga ho i staden til å gifte seg med den rike naboguten. På denne tida var det ikkje lett å setta seg opp mot foreldra sine ynskje. Det enda med at jenta reid til Åmotsdal kyrkje og gifta seg med den guten ho ikkje ville ha.

På heimturen frå kyrkja ville bruri kappri. Ho var ei spræk jente og reid fortare enn dei andre, men så kom dei til eit svøuberg noko oppi dalen og der fekk ikkje hesten hennar fotfeste. Her glei han og kasta bruri av. Signe slo seg stygt, men ho kom seg opp att og reid tilbake til gjestebodsgarden. Det heitest at då ho kom dit så tulla ho ein slått og var glad og lystig.

Men utpå nattt forsvann ho, og folk byrja å leite etter ho. Tilslutt fann dei at ho hadde drukna seg i Skuldalsløkjen bak garden. Eivind Grøvi høyrer me ikkje meir om, men det kan godt tenkast at han var av dei som heldt melodiane knytta til Skuldalsbruri i live.

(Avskrift etter intervju
med Sigurd Telnes 08.10.08)

Soga om Signe Skuldalen er i likskap med Kivlemøyane ei ulukkeleg kjærleikshistorie med tragisk utgang. Samstundes syner også soga kor langt eit menneske er viljug til å strekke seg for kjærleiken. Sjølv om Signe blei tvinga til å gifte seg med ein ho ikkje ville ha, tok ho likevel tilbake kommandoen over lagnaden sin ved å gå til det drastiske steget å ta sitt eige liv. Dette kan tolkast som eit opprør mot dei normene som rådde i samfunnet på denne tida. Ei kvinne skulle ikkje kunne bestemme over sitt eige liv – omsyn til familie, slekt og resten av samfunnet gjekk framom den personlege lukka. Ved å ta livet sitt gav Signe klar melding om at ho ikkje ville innrette seg etter dei normene som samfunnet påla individua. Presset til å velje ekteskapet var så sterkt at døden kunne vera einaste utveg til å sleppe unna.

Det er fleire variantar med omsyn til kva Skuldalsbruri heitte. Det mest vanlege er Signe, men også Tone har vore nemnt. I bygdeboka *Seljord V* er det ein person som skil seg ut som svært interessant i samband med soga om Skuldalsbruri. Det er Bergit Sigurdsdotter Skuldalen som blei gift med Tarjei (Torgeir?) Jakobson Skuldalen i 1674. Bak dødsåret hennar, 1678, står ei stjerne, og under teksten står det skrive: "Som blev i elfven" (*Seljord*

V 2003: 689). Ho drukna altså i elva bak garden fire år etter at ho gifta seg. I ei av dei tidlegare bygdebøkane står det om brukaren på Skuldalen, Tarjei/Torgeir, som mista kona i 1678: "... men det ser ut til at han visste råd for det: han gifte seg same år med ei som heitte Jorunn Ivarsdotter" (Flatin 1954: 298). Kan Bergit Skuldalen, som "blev i elfven", vera den Skuldalsbruri som soga fortel om, og som slåtten Skuldalsbruri er bygd opp kring?

Kanskje levde Bergit Skuldalen i eit ulukkeleg ekteskap og såg det å ta livet sitt som einaste utveg? Det ser i alle fall ikkje ut til at mannen sørgde, då han gifta seg på nytt det same året. Ein kan ikkje gjera anna enn å spekulere, men at drukninga av Bergit Skuldalen har hatt innverknad på korleis soga blei forma synest klart.

"Skuldalsbruri" er i likskap med "Kivlemøyan" noko av det eldste me har innan slåttespelet (Storesund 1995: 235). Forma eg spelar har eg både etter Magne Herrefoss (1963–) og Torbjørg Aas Gravalid (1916–2008).

"Hon blev i elven" - Kvinner i slåttespel
- og soge"
Sara Fjægesund